



# ÅRSMELDING 2016

## OS SOKNERÅD



### ÅRSFEST/SOKNEMØTE FOR OS KYRKJELYD

i Kyrkjetunet **SØNDAG 26/3 KL 18:00**

Saker til drøfting/avgjerd:

- \* Kyrkjelydsarbeidet 2016, mål og kva fekk vi til.  
(SJÅ SIDE 2-9 I ÅRSMELDINGA)
- TUNET – kyrkje- og kultursenter

Matøkt. Kveldstankar

**Velkommen Os sokneråd**

# EVALUERING AV ARBEIDSÅRET 2016 i OS KYRKJELYD

Kyrkjelyden har vedteke slik visjon:

*nær Kristus – nær kvarandre – nær kvardagen*

Strategiplanen er delt i 5 satsingsområde:

---

## 1. Barne- og ungdomsarbeid:

Målsetjing:

*Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos born og ungdom uansett funksjonsnivå.*

*Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.*

PKT	Målformulering	Evaluering
1.1	Vidareføra trusopplæringsutval med ansvar for utvikling av trusopplæringsplan og gjennomføring av tiltaka som er planlagde. Vurdera eventuelle andre utval som trengst for å sikra eit samanhengande og systematisk barne- og ungdomsarbeid.	<i>Trusopplæringsplan frå 2014.</i> <i>Tiltak for barn opp til 10-11-års alder + konfirmasjonstid fungerer bra eller veldig bra.</i> <i>Dårlig oppslutning for tiltak etter konfirmasjonstid samt tiltaka:</i>
1.2	Sikra kompetanse på området hos tilsette og frivillige. Sikra at alle tilsette og frivillig har felles forståing av opplegg, samarbeider om trusopplæringstiltak og set desse inn i ein samanheng	<i>Mange frivillige er med på 2. el 3. året; gir stabilitet og tryggleik. Ordning med tiltaksfadder er god.</i>
1.3	Vektleggja vidareføring av born og unge frå eitt aldersnivå til eit	<i>Tidvis lukkast vi.</i>

	anna	
1.4	Læra opp unge til leiaroppgåver	<i>Plan for systematisk leiar-opplæring/leiarfostring frå born til ungdom.</i>
1.5	Delta på fellesopplegg for born / unge i regi av DNK og barne- og ungdoms-organisasjonar	<i>Unge har deltatt på Vinterfestival og andre fellesarrangement knytt til KFUK/M.</i>

## 2. Diakoni

Målsetjing: *Med utgangspunkt i Diakoniplanen for DNK utøva praktisk diakoni og gjera arbeidet synleg og kjent i Osbygda*

PKT	Målformulering	Evaluering
2.1	Sikra eit breidt samansett og tilretteleggjande diakoniutval med ansvar for å halda levande eit diakonalt medvit i kyrkjelyden	<i>Forutan dei 2 representantane frå SR, er det med to andre medlem i diakoniutvalet. Ein av desse er ny denne perioden, og den andre var òg med i forrige utval. Dette er med og skaper kontinuitet i arbeidet.</i>
2.2	Arbeida for framhald og evt utviding av diakonistilling, med målsetting om auke til 100% stilling i planperioden (Arbeida for å få statleg tilskot for 50 % av stillinga).	<i>Kommunen vedtok i slutten av 2016 å gi tilskot til 50 % diakonstilling frå 01.01.2017. Kyrkjelyden har tilsett Diakon i 100 % frå 1/1-2017.</i>
2.3	Juster og arbeida ut frå lokal diakoniplan og i arbeidet leggja vekt på: ø inkluderande fellesskap ø utadretta verksemd ø førebyggjande tiltak	<i>Os kyrkjelyd vart i 2015 godkjent som grøn kyrkjelyd. Det er nødvendig å arbeida vidare med dette området slik at det å vera grøn kyrkjelyd er</i>

	<p>ø utvikling av grøn kyrkjelyd i samarbeid med kommunale og frivillige instansar</p>	<p><i>noko vi aktivt utøver i det daglege arbeidet vårt.</i></p>
2.4	<p>Utgreia ferdig og starta opp eit tiltak retta mot utsett ungdom</p>	<p><i>Sjølv om at vi veit at det er ungdom i Os med ekstra vanskelege liv, har det vist seg å vera vanskeleg å arbeida med denne gruppa som her er definert som «utsett».</i></p> <p><i>med tiltak retta mot ungdom. Dette gir mogelegheit til å setja fokus på å styrkja ungdomsarbeidet kyrkjelyden alt har. Sentrale element i dette er å stadig arbeida for eit inkluderande fellesskap, å vera nysgjerrig på ungdommen, ha omsorg for enkeltpersonar og gruppa som heilskap. Dette krev blant anna fleire vaksne, leiartrening, m.m..</i></p> <p><i>Diakoniutvalet meiner det å ha ungdommar med ei eittåringsteneste i kyrkjelyden vil bidra mykje i ungdomsmiljøet. Eit slikt fellesskap kan gi ungdommane tryggleik, og auka tillit til seg sjølv, kvarandre og Gud, det gir mogelegheit til å gi tilbod om samtale/sjelesorg, m.m..</i></p>

### 3. Gudstenesteutvikling:

Målsetjing:

*Gjennom kristussentrert og livsnær liturgi og forkynning utvikla varierte gudstenester som alle aldersgrupper kan kjenna seg heime i.*

<i>PKT</i>	<i>Målformulering</i>	<i>Evaluering</i>
3.1	<b>Oppretthalda eit gudstenesteutval som ser alle gudstenestetilboda i ein samanheng og er aktivt med i planlegging av gudstenestetilbod og innhald i gudstenestene.</b>	Gudstenesteutval vidareført, men med utvida mandat og på vegne av Nore Neset-utvalet og representasjon frå musikkutvalet
3.2	<b>Utvikla eit gudstenestetilbod som både tek vare på mangfaldet og er samlande for heile kyrkjelyden.</b> <b>Aktuelle tiltak:</b> a. involvera og fokusera på barn og unge i gudstenester, i samarbeid med dei som jobbar med barn og unge i kyrkjelyden b. kommunisera til kyrkjelyden kva gudstenester vi har og kvifor c. reindyrka og kvalitetssikra ulike gudstenesteformer, t.d. ungdomsgudsteneste, familiegudsteneste, "gudsteneste med band", keltisk messe - evt. også andre d. utvikla vidare eit variert musikalsk uttrykk i alle gudstenester	Det arbeidet som i fleire år har vært gjort med desse områda er vidareført og vidareutvikla også i 2016

	e. innføra «Sprell levande» for barn i høgmessetid f. skipa til gudstenesteverkstad ved einskilde gudstenester	
3.3	Følgja opp innføringa av ny gudstenesteordning med evaluering i 2014	<i>Evalueringa vart gjennomført 2014</i>
3.4	Synleggjera gudstenestene i lokalsamfunnet	Gjørast på ulikt vis, annonse, web-og nettsider, plakatar, pressemelding ved einskildhøve. Og synleg i det offentlege rom: sommarfest på kyrkjeflaten, krossvandring i sentrum og friluftsgudsteneste på Liafjell.

#### 4. Fellesskap i kyrkjelyden.

Målsetjing:

*Utvikla og styrkja den andelege og sosiale fellesskapen i kyrkjelyden.*

<i>PKT</i>	<i>Målformulering</i>	<i>Evaluering</i>
4.1	Leggja til rette for relasjonsbygging i kyrkjelyden gjennom inkluderande fellesskap for alle aldersgrupper og på tvers av aldersgrupper	<i>Språk-kafé. Særleg retta mot nye nordmenn som skal lære norsk/forstå norsk språk/kultur. Ulike fellesskap gjennom mange arbeidsgreinar. No få tiltak på tvers av fleire generasjonar (Familiearbete). Nokre etablerte bibelgrupper og husfelleskap.</i>
4.2	Stimulera og	<i>Ikkje spesifikke tiltak sett i verk 2016.</i>

	leggja til rette for deltaking i gruppefellesskap	
4.3	Leggja til rette for undervisning for vaksne; etablera eit undervisningsutval	<i>Ikkje noko systematisk arbeid her.</i>
4.4	Jobba med å handtera ulikskap i stilartar, meininger og ytringsformer i kyrkjelyden	<i>Koinonia og TiTT døme samlingar/fellesskap med mangfald av tema som er oppe. Ulike gudstenestar speglar tidvis og breidda i stilarter og musikk.</i>
4.5	Jobba for å utvida forståing av kva ein kyrkjelyd er.	??

## 5. Soknerådet som forvaltar

Målsetjing:

*Utvikla og styrkja soknerådet og staben sin kompetanse i god og effektiv forvalting av menneskelege, økonomiske og materielle ressursar.*

PKT	Målformulering	Evaluering
5.1	Forvalta kyrkjene slik at dei er gode og tenlege for gudstenester og kyrkelege handlingar, men òg for andre samlingar til oppbygging av kyrkjelyden (konserter og andre kulturelle uttrykk).	<i>Inngått avtale om tilstandsrapport for Os kyrkje med tanke på opprusting til 150-års jubileum 2020.</i>
5.2	Forvalta og drifta gravplassane og sikra nok gravplasskapasitet til ei kvar tid.	<i>Ferdigstilling av Kuventrä venter vi framleis på.</i>

		<i>Reguleringsplan for utviding NN under arbeid.</i>
5.3	Forvalta, drifta og vidareutvikla Kyrkjetunet til å vera ein tenleg arena for eit variert kyrkjelydsarbeid.	<i>Oppgradering av Trinn I starta sommaren 2016 saman med utbygging trinn III. Ferdigstilla last mars 2017.</i>
5.4	Soknerådet er arbeidsgjevar og må sikra gode og tenlege arbeidsforhold for sine tilsette med tanke på dei oppgåvane som skal løysast, fagleg og åndeleg utvikling og eit inkluderande, trygt og utviklande arbeidsmiljø.	<i>Arbeid med gjennomgang av arbeidsoppgåver er i kontinuerleg til vurdering; små justeringar etter behov.</i> <i>Sjukefråver 2016: 1,9 %</i>

## ÅRSMELDING - VERBALDEL

	TEMA
1.0	<p><i>Organisasjon</i></p> <p>Os sokneråd har funksjon både som sokneråd og fellesråd i Os kommune. Desse er valde for perioden 2015-2019:</p> <p><b>Anne-Turid Bjørnevik (leiar), Arne Tveit (nestleiar), Torild Aadland, Jo Kaare Herfjord, Kjellaug Fyllingsnes, Tonje Hernes, Jorunn Hodneland, Kay Even Hægland, Knut Inge Johnsen og Edle Lunde.</b> Oppnemnd av Bjørgvin biskop som medlem: Sokneprest Margrethe H. Askeland (kap Roar Eyjedal som personleg vara.)</p> <p>Oppnemnd av Os kommune til kyrkjeleg fellesråd: Marie Bruarøy (ordførar Terje Søviknes som personleg vara).</p> <p>Varafolk i prioritert rekkefølgje): Anne Wivegh, Leif Fjellvang, Oddvar Sandtorv, Hanna Hagerup og Grete Våge.</p> <p>Driftsstyret (DRS) har delegert fullmakt til å avgjera «fellesrådssaker» av ikkje-prinsipiell karakter. DRS er sett saman av AU + kommunal representant.</p> <p>Gjennom delegasjonsreglement er kyrkjeverja delegert fullmakt til å gjera ulike administrative vedtak; i hovudsak knytt til gravferdsforvalting, personal- og økonomireglement.</p> <p><b>Viktige saker som har vore handsama i 2016:</b></p> <ul style="list-style-type: none"><li>• Budsjett 2016</li><li>• Rekneskap 2015</li><li>• Planlegging og gjennomføring av julemesse</li><li>• Fordeling av offer</li><li>• Høyringsfråsegner – ulike offentlege planar.</li><li>• Oppnemning av medlemmer til ulike utval og møte/samtaler med ulike utval.</li><li>• Konfirmantjubileum – rutinar omkring dette</li></ul>

- Betalingsordningar for ulike tenester
- Konfirmantarbeidet – evaluering
- Oppretting av stilling som kyrkjelydspedagog
- Leigesatsar for nye TUNET
- Kommunesamanslåing – konsekvensar for kyrkja og korleis møta desse utfordringane.

Os sokneråd har arbeidsgjevaransvar for desse stillingane:

Seksjon	Årsverk	Merknad
Kyrkjeverje	1	Dagleg leiar
Administrasjon	1,55	
Drift kyrkje/kyrkjegardar	3	
Kyrkjemusikk	1,5	
Undervisning	1	
Trusopplæring	1,4	
Kyrkjelydsarbeid	2,9	(Barne- og ungdomsarb., diakoni og friv. koordinator)
<b>SUM STILLINGAR</b>	<b>12,35</b>	(Fordelt på 14 medarbeidarar)

Sjukefråver: Sjukefråveret i 2016 var på 1,8 %

#### Bispedømerådstilstilsette.

Prestane i Os: sokneprest Margrethe H. Askeland, kapellan Roar Evjedal og seniorprest Knut Ivar Askeland er alle tilsette i Bjørgvin bispedøme. Os kyrkjelyd er knytt til Fana prosti, og prost Per Barsnes leier prestetenesta i prostiet.

2

#### Gudstenester

		2011	2012	2013	2014	2015	2016
Os sokn	Gudstenester, søn- og helgedagar	118	110	108	109	109	105
	Deltakarar, gudstenester søn- og	16812	15755	15531	15827	16340	14225

	helgedagar						
	gjennomsnitt pr gudsteneste	142	143	144	145	150	136
Os kyrkje	gjennomsnitt pr gudst	161	160	165	167	168	167
Nore Neset	gjennomsnitt pr gudst	116	110	119	123	122	106
Gudst totalt				134	128	135	131
Deltakarar totalt			19151	18308	19321	18979	
gjennomsnitt pr gudstjeneste			143	143	143	145	

Det er ein liten nedgang i tal gudstenester på søn- og helgedagar i soknet, mens talet på gudstenester totalt er ganske stabilt. Talet på gudstenestedeltakarar totalt varierer som venta med tal gudstenester. Når det gjeld gjennomsnittsdeltaking pr gudsteneste, ser vi ein nedgang for soknet. Ser ein på den enkelt kyrkja, ser ein at det er Nore Neset som har nedgang. Ikkje dramatiske endringar.

At me er ein mangfaldig kyrkjelyd med svært ulike preferansar i ulike retningar, speglar seg i eit mangfald i gudstenestelivet.

Det har ikkje vore store endringar i ordningane, men nokre punkt vil eg trekkja fram.

- Ø Band-gudstenestene. Vi har 8-9 gudstenester i året med band og lovsong. Det har vore forsøkt å kombinera bandgudstenestene med andre typar gudstenester som dåpsgudsteneste, speidargudsteneste og utdeling av 4-årsbok. Erfaringane av desse forsøka har vist at det er vanskeleg å utvikla eigenarten til band-gudstenesta i kombinasjon med andre typar gudstenester. Nytt av 2016 er at Anita H. Berge har fått koordineringsansvar for banda og at kapellan Roar har fått ansvaret for å følgja opp frå prestetenesta. Det er skipa til inspirasjonssamlingar for musikarar m.fl.

- Ø Trusopplæringsgudstenester. I nokre av trusopplæringstiltaka inngår gudsteneste.
- Nytt tiltak 2016 var tårnagent for 9-åringane, med gudsteneste i etterkant
  - Elles har vi godt innarbeidde gudstenester for 4-åringar, skulestart, 11-åringar, konfirmasjonstida sine gudstenester med meir.
- Ø Om lag ein gong i månaden, med unnatak av sommarferien, har vi eiga dåpsgudsteneste i tillegg til hovudgudsteneste same søndag. Det er lang tradisjon for å ha eigne dåpsgudstenester i Os, og andre stader med store dåpstal. Nokon legg dåpgudstenesta i framkant av hovudgudstenesta, andre i etterkant. Av 50 gudstenester med dåp i 2016, var 38 kyrkjelyden si hovudgudsteneste. Av 180 døypte, vart 101 døypte i hovudgudsteneste.
- Ø Laurdagskonfirmasjon. For første gong gjennomførte vi konfirmasjonsgudstenester både laurdag og søndag. For ein del var det kjäerkome at dei kunne feira konfirmasjon laurdag. Erfaringane syner at det vart halde same tal konfirmasjons-gudstenester i løpet av dobbelt så mange dagar. Ein vil difor frametter tilby ein laurdag og ein søndag i kvar av kyrkjene, med konfirmasjon to helger i kvar kyrkje
- Ø Særlege gudstenester
- 24.01 Bibeldagen markert i Nore Neset
  - 13.03 Maria bodskapsdag i Nore Neset
  - Palmesøndag familiegudsteneste der born/familiar som hadde vore med på trusopplæringstiltaka «Opplev påske» (5åringar) og «Heilt førsteklasses» (1.klassingane) vart særskilt inviterte.
  - Skjærtorsdag: Aftansong og kveldsmat i Nore Neset kyrkje
  - Langfredag med krossvandring og pasjonsgudsteneste i Os
  - 29.05 kyrkjelyden sin sommarfest familieopplegg
  - 26.06 Os avslutning skapingsdagane.
  - 26.06 Fana kirke. Deltaking av kantor Andrew og medlemmer av kyrkjekoret i samband med avskjed for prost Per Barsnes i Fana prosti.
  - 11.09 Jubileum NMS gjenbruk med vitjing av prest Tiina Klement frå Mustamä i Estland.
  - 6/11 Helgemesse med høgmesse i Os og minnegudsteneste i Nore Neset på føremiddagen, og minnegudsteneste i Os om kvelden.
  - 20/11 Søndag for forfølgde markert i Os
  - 20/11 Myldregudsteneste i Nore Neset med avslutning av babysong og ShubaDubs

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ 27.11 Speidargudsteneste</li> </ul> <p>Ø NRK-jul</p> <p>Tidleg i haust fekk vi spørsmål frå NRK Hordaland om vi ville ta på oss å halda gudstenestene i direktesendt TV og radio julaftan og første juledag. Av tre kyrkjelydar som blei spurt, var det vi som fekk utfordringa. Det vart til dels mykje meirarbeid på både stab og frivillige. Men det var också stor inspirasjon og glede å få jobba med så profesjonelle og dyktige folk som det NRK-teamet vi mötte. Det vart ei nyttig erfaring å time gudstenestene med stoppeklokke, dei skulle vere 59 minuttar lange, korkje lenger eller kortare. Alt i alt ga det oss som fekk vera med eit løft.</p>
2.0. 1	<p><b><i>Andaktsteneste</i></b></p> <p>Ø Andaktar. Om lag ein gong i månaden har ein andakt på: Dei ulike avdelingane på Os sjukeheim og Luranetunet, i Gamleheimshagen og Ravneberghaugen. I 2016 vart det halde 79 andaktar. Kyrkjemusikarane våre er med på Sjukeheimen og Luranteunet. På Ravneberghaugen nyttar vi frivillige musikarar.</p> <p>Ø Gudstenester.</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Skjærtorsdag er det nattverdgudsteneste felles for alle i kantina på Luranetunet og ei på Ravneberghaugen</li> <li>○ Julaftan er det felles gudsteneste på Luranetunet</li> <li>○ Nattverdgudsteneste. Nytt i fjor var at vi samla dei bebruarar som ynskte det til felles nattverdfeiring i kapellet. Det vart godt motteke av dei som har sakna å koma seg til kyrkja.</li> </ul> <p>Ø Samtalar. Det er sett av fast tid til samtale med bebruarane på sjukeheimen eit par gonger i månaden. I tillegg dreg prestane ut til samtalar og soknebod når det er behov for det.</p>
2.0. 2	<p><b><i>Andre forsamlingar</i></b></p> <p>Det er fleire andre kristne forsamlingar som er aktive i Os. Os misjonsmenighet, bedehuset i Hagavik, bedhuset på Søfteland og bedehuset på Os. I tillegg har «Salt-kirken» etablert seg på Os ungdomsskule, og «Os-fellesskapet» har og sine møte.</p> <p>Tradisjonelt har det vore eit godt samarbeid med bedehuset på</p>

	<p>Søfteland med ei årleg gudsteneste der i samband med konfirmantpresentasjon.</p> <p>Det er ikkje særleg kontakt med dei andre forsamlingane frå soknerådet si side.</p>																
2.1	<p><b>Folkekyrkja i møte med osingane</b></p> <p>I 2015 vart det gjort teljingar 2 utvalde veker der vi registrerte kor mange personar vi hadde kontakt dei vekene. Grovt sett kan vi oppsummera at 2/3 av våre kontaktpunkt er på vekedagar og 1/3 er knytt til gudstenester og kyrkjelege handlingar. Mønster hjå oss samsvarer i hovudsak med dei teljingar som kjem fram frå andre større sokn.</p> <p>Det var i dei same vekene talt opp timeverk utført av frivillige; mellom 4 og 6 årsverk tilsvarer innsats gjort av frivillige dei aktuelle vekene.</p> <p>Tilsvarande teljing var og gjennomført i 2016 (veke 15) som viste tilsvarande tal/fordeling som i 2015.</p> <table border="1"> <thead> <tr> <th>Veke</th> <th>Personar</th> <th>Av desse gudst/kyrkjelege handlingar</th> <th>Frivillige timeverk</th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>11/16</td> <td>1202</td> <td>649</td> <td>142 (3,8 årsver.)</td> </tr> <tr> <td>38/15</td> <td>1495</td> <td>527</td> <td>151 (4,0 årsver.)</td> </tr> <tr> <td>15/16</td> <td>1525</td> <td>535</td> <td>245 (6,5 årsver)</td> </tr> </tbody> </table> <p>Legg vi til grunn at kvart årsverk har ein pris på 500-tusen, utgjer den frivillige innsatsen mellom 2 og 3 mill/år. Ein vesentleg ressurs for samfunnet som kyrkja bidrar med.</p> <p>Det må her leggjast til at ein vesentleg del av dei aktivitetar /kulturtildel som vi har i samfunnet, for ein stor blir haldne oppe av frivillige.</p>	Veke	Personar	Av desse gudst/kyrkjelege handlingar	Frivillige timeverk	11/16	1202	649	142 (3,8 årsver.)	38/15	1495	527	151 (4,0 årsver.)	15/16	1525	535	245 (6,5 årsver)
Veke	Personar	Av desse gudst/kyrkjelege handlingar	Frivillige timeverk														
11/16	1202	649	142 (3,8 årsver.)														
38/15	1495	527	151 (4,0 årsver.)														
15/16	1525	535	245 (6,5 årsver)														

3.0	<p><b>Kyrkjelege handlingar</b></p> <p>180 dåp. Dette er 80% barn av medlemmer/tilhøyrande. (2015:172/81% 2014:171 = 79%)</p> <p>164 konfirmantar; dette er 81 % av medlemmene i årsklassen. (2015: 172 /78 % )</p> <p>32 vigsler (38, 37, 45, 46)</p> <p>1 forbønn for borgarleg inngått ekteskap.</p> <p>105 gravferder (96, 110,109, 104)</p>																														
4.0	<p><b>Økonomi Soknerådet har bokført inntekter slik:</b></p> <table style="width: 100%; border-collapse: collapse;"> <thead> <tr> <th colspan="2"><b><u>INNTEKTER</u></b></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Brukabetalning, sal, avgifter og leigeinntekter</td> <td style="text-align: right;">-2 682 525</td> </tr> <tr> <td>Refusjonar/overføringer</td> <td style="text-align: right;">-601 374</td> </tr> <tr> <td>Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale</td> <td style="text-align: right;">-80 000</td> </tr> <tr> <td>Statlege tilskot</td> <td style="text-align: right;">-1 716 856</td> </tr> <tr> <td>Rammeoverføring/tilskot frå egen kommune</td> <td style="text-align: right;">-7 337 332</td> </tr> <tr> <td>Tilskot frå fellesråd/sokneråd</td> <td style="text-align: right;">-40 500</td> </tr> <tr> <td>Andre tilskot, gåver, innsamla midlar</td> <td style="text-align: right;">-1 442 553</td> </tr> <tr> <td><b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b></td> <td style="text-align: right;"><b>-13 901 140</b></td> </tr> <tr> <td colspan="2"> </td> </tr> <thead> <tr> <th colspan="2"><b><u>UTGIFTER</u></b></th> </tr> </thead> <tbody> <tr> <td>Lønn og sosiale utgifter</td> <td style="text-align: right;">7 704 569</td> </tr> <tr> <td>Kjøp av varer og tenester</td> <td style="text-align: right;">3 586 809</td> </tr> <tr> <td>Refusjonar/overføringer</td> <td style="text-align: right;">86 593</td> </tr> <tr> <td>Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale</td> <td style="text-align: right;">80 000</td> </tr> </tbody> </tbody></table>	<b><u>INNTEKTER</u></b>		Brukabetalning, sal, avgifter og leigeinntekter	-2 682 525	Refusjonar/overføringer	-601 374	Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-80 000	Statlege tilskot	-1 716 856	Rammeoverføring/tilskot frå egen kommune	-7 337 332	Tilskot frå fellesråd/sokneråd	-40 500	Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-1 442 553	<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>-13 901 140</b>			<b><u>UTGIFTER</u></b>		Lønn og sosiale utgifter	7 704 569	Kjøp av varer og tenester	3 586 809	Refusjonar/overføringer	86 593	Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	80 000
<b><u>INNTEKTER</u></b>																															
Brukabetalning, sal, avgifter og leigeinntekter	-2 682 525																														
Refusjonar/overføringer	-601 374																														
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	-80 000																														
Statlege tilskot	-1 716 856																														
Rammeoverføring/tilskot frå egen kommune	-7 337 332																														
Tilskot frå fellesråd/sokneråd	-40 500																														
Andre tilskot, gåver, innsamla midlar	-1 442 553																														
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>-13 901 140</b>																														
<b><u>UTGIFTER</u></b>																															
Lønn og sosiale utgifter	7 704 569																														
Kjøp av varer og tenester	3 586 809																														
Refusjonar/overføringer	86 593																														
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	80 000																														

	Tilskot og gåver	871 375
		<b>12 329</b>
	<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>346</b>
		<b><u>-1 571</u></b>
	<b><u>BRUTTO DRIFTSRESULTAT</u></b>	<b><u>794</u></b>
	Renteinntekter og utbytte	-130 335
	Renteutgifter og lånekostn.	270 747
	Avdrag på lån	312 740
	<b>Netto finansinntekter/-utgifter</b>	<b>453 152</b>
	Avskrivningar	1 006 401
		<b>-1 006</b>
	Motpost avskrivningar	401
		<b><u>-1 118</u></b>
	<b><u>NETTO DRIFTSRESULTAT</u></b>	<b><u>642</u></b>
	<b>I</b> nterne finansieringstransaksjonar:	
	Bruk av udisponert frå tidl. år (overskot)	-439 661
	Bruk av disposisjonsfond	0
	<b>Sum bruk av avsetningar</b>	<b>-439 661</b>
	Avsett til disposisjonsfond	731 000
	Avsett til bundne fond	597 508
	Overført til investeringsrekneskapen	0
		<b>1 328</b>
	<b>Sum avsetningar</b>	<b>508</b>
	<b><u>REKNESKAPSMESSIG</u></b>	
	<b><u>OVER/UNDERSKOT</u></b>	<b><u>-229 795</u></b>

### Disponering av overskot

Formål	Beløp	MERKNAD
Kompetanseutvikling	30 000	Intern-kurs
Stiftsmøte – alle tilsette	20 000	Lutherjubileumsår
Til SR disp.konto	179 795	Avsetjast til SR sin disposisjon
	229 795	

### Moment til glede:

- *Rundt 45 har teikna seg til gjevarteneste Trinn III*
- *Trass i stramme rammer, har soknet styring på økonomien sin*

### Inntekt som gir uro/bekymring:

- *Berre vel 70-tusen innbetalt i frivillig bladkontingent; dvs. vel 350 betalande av meir enn 6000 hus-standar.*
- *Det er for mange som er avventande på å melde seg til gjevartenesta til trinn III.*

5.0	<p><b>Bygg og anlegg</b></p> <p><b>Kyrkjetunet</b></p> <p>Kyrkjelydshuset vart teke i bruk hausten 1989. Bygget var reist med vesentleg dugnadsinnsats og ein totalkostnad på rundt 4 mill. Sjølv om det er gjennomført ulike vedlikehalds- og fornyingstiltak, bar bygget preg av slitasje. Som del av utbyggingsplanane var det og teke høgd for oppussing og oppgradering av trinn I med byggjestart sommaren 2016</p> <p><b>Kontorfløy</b></p> <p>Kyrkjekontoret vart flytt til ny kontorfløy (trinn II) i 1999 og utvida i 2013. Staben i Os har gode arbeidslokale.</p> <p><b>Gravplassar</b></p> <p>Det er Os sokneråd som har drifts- og forvaltingsansvar for gravplassane i Os. Denne tenesta gjer soknerådet på vegne av storsamfunnet og skal tena alle innbyggjarane, uavhengig av trus- og livssynsamfunn.</p> <p>Sommaren 2014 skulle ein utvida Kuventræ gravplass stå ferdig, men overflater og sluttarbeid vart ikkje godkjent. Heller ikkje i løpet av 2016 klarte entreprenør og Os kommune (som fungerte som utbyggjar) å få slutført arbeidet. Kyrkjeverja er spent på om resultatet vert slik at ein kan tilrå at Soknerådet kan overta eigedom/driftsansvar.</p> <p>Det er og ferdigstilt arbeid med ein reguleringsplan for utviding av Nore Neset kyrkjegard. Med den veksten kommunen har, vart spørsmålet om avsett areal på Nore Neset var for knapt, og ein igangsette derfor eit utvidingsprosjekt før reguleringsplanen vert handsama.</p> <p>Soknerådet har og meldt inn trøng for areal til framtidige</p> 
-----	---

	gravplassar og kyrkjeformål. Areal lokalisert i aksen Søfteland/lysefjorden kan vera tenleg med tanke på den venteleg store utbygginga i Os nord.
5.0. 1	<p><b><i>Byggjeprosjekt</i></b></p> <p>Sommaren 2016 starta arbeid med utbygging av Kyrkjetunet. Som del av arbeidet er og ei opprusting av trinn I. Når arbeidet er ferdig våren 2017, vil heile "Tunet kyrkje- og kultursenter" framstå som eit tenleg og flott bygg, først og fremst for kyrkjelyden og eit mangfaldig arbeid som skal bruka bygget til sine samlingar. Men og som eit suplerande kulturhus for Os-bygda, som treng eit sentralt og ikkje for stort hus til ulike møte, samlingar, konserter og andre samvær.</p> <p>Våre lokale vil og vera tenlege for private som ønskjer å leiga til ulike «runde dagar», konfirmasjonsselskap, m.m.</p>
6	<p><b><i>Barnearbeid</i></b></p> <p><b>Årsmelding ShubaDubs 2016</b></p> <p>Familiekoret «ShubaDubs» er eit godt og velfungerande kontinuerleg tilbod i Os kyrkjelyd. I 2016 har vi hatt ca 25 barn på medlemslista; dvs rundt rekna 55 små og store som samlast i eldstova annankvar måndag. Dette er eit kor for born i alderen 2-6 år, som i følgje med foreldre, besteforeldre eller andre vaksne syng og leikar saman før vi avsluttar med kveldsmat i lag.</p> <p>Shubadubs er ikkje medlem av nokon organisasjon.</p> <p>Medlemmene betaler semesteravgift/kontingent; 200,- pr barn og 300,- for søsken.</p> <p>Vi opplever at dette er eit populært lavterskelttilbod som både vaksne og born har stor glede av, og som skaper gode fellesskap i kyrkjeleg regi.</p> <p>Gro Helen hadde hovudansvaret i vår, medan Hege hadde hovudansvar i haust. Hovudansvaret inneheld planlegging og organisering av øvingane, kommunikasjon med medlemmer og andre aktører, fordeling av oppgåver og handling til kveldsmat. Det er vanskeleg å få frivillige til å leia koret . Vi arbeider kontinuerlig med å leita etter kandidatar.</p>

	<p>Foreldre deltek i tillaging av kveldsmåltidet etter tur, og melder seg til pianospeling og andre oppgåver som gjer arbeidet lettare for hovudleiar.</p> <p>Vi har deltatt på misjonsmesse i november og på Myldregusteneste, saman med babysong i Nore Neset kyrkje i november.</p> <p><b>«Laurdagssprell»</b></p> <p>Nytt tiltak på Nore Neset. Særleg retta mot barnefamiliar. Bibelforteljing etter ide frå Sprell levande, leik og aktivitetar og felles måltid med laurdagsgraut. Godt mottatt i krinsen.</p> <p><b>«Tweens»</b></p> <p>Kor-tilbod for 12-13-åringar lokalisert til Nore Neset. 15-20 born aktive.</p> <p><b>Søfteland måndagsklubb</b></p> <p>Held til på Søfteland bedehus og møtest kvar måndag kl 17.00-18.00. Dette har vore eit tilbod i mange år, og i 2016 har det vore med 12-15 aktive born. Måndagsklubben tilbyr ulike aktivitetar som song, teikning og anna, avhengig av borna som går der. Borna får også høyra ei bibelforteljing, og dei bruker «Sprell levande» sitt tekstopplegg.</p> <p><b>Halhjem barneklubb «B-gjengen»</b></p> <p>B-gjengen er ein klubb for elevar i 1.-4. klasse. Vi held til på Halhjem barneskule annankvar laurdag kl. 11-12.30, og dette året har det vore om lag 20 barn som har vore faste brukarar av klubben. Første timen har vi ulike aktivitetar som hobby, mat, leik &amp; spel, av og til fortball, før vi har samling med bibelforteljing og litt song. Til slutt et vi det matgruppa har laga. Dette er veldig kjekt!</p> <p><b>FamilieKRIK</b></p> <p><b>Årsmelding for Os familieKRIK 2016</b></p>
--	--



Os familieKRIK blei starta 03.06.13.

Vi har i 2016 hatt faste treningar i Nore Neset aktivitetshus der vi leiger forsamlingslokale og 3-delt idrettshall. Vi har som mål å ha ei trening i månaden, men utfordringar med å få plass i hallen har gjort det vanskeleg. Vi hadde 7 slike treningar i 2016. Det har vore mellom 40 og 80 deltarar på treningane, vanlegvis om lag 65-70.

Vi har instruktør med brattkort og tilgjengelig klatrevegg, og bruker dette aktivt på treningane våre. Vi har fast andakt og litt musikk og song kvar gong.

26.-28. februar arrangerte vi weekend til leirstaden Helgatun i Myrkdalen. Her hadde vi ei kjekk helg med turar i både skitrekk og terreng. Her var vi 30 vaksne og 44 barn. Med oss var sokneprest Erlend Lunde m/familie. Lunde hadde samlingar både fredag, laurdag og søndag.

26.-28.august 2016 reiste vi på vår årlege KRIK-tur til leirstaden Brandøy i Rogaland. Om lag 100 deltarar hadde ei aktiv og kjekk helg i lag, med aktivitetar som morgonbad, tautrekking, friidrettsirkel, motbakkløp m.m. Prestane Bård og Kjersti Norheim var med for å halda samlingar fredag og laurdag, samt gudsteneste søndag.

Også i 2017 ynskjer vi å gjennomføra tur med familie-KRIK på vinterstid. I år går turen til KRIK Høyfjellsenter i Hemsedal.

Vi har hatt treningar i Nore Neset barneskule med KRIK-lady kvar onsdag frå kl.20.30-21.30. Det er mellom 3 og 17 deltarar kvar gong.

4. – 5. november arrangerte vi overnatting i Nore Neset idrettshall med fedre og barn. Her deltok ca 20 barn og 6 vaksne.

Ved årsskiftet har vi om lag 45 barn under 18 år registrerte i KRIK sentralt sine dataregister.

Os familieKRIK blei godkjent som grasrotmottakar i desember 2014, slik at vi kan motta grasrotandel av midlar frå Norsk tipping.

Styret har hatt fire møte i løpet av året, og har elles ansvar for alle treningar, turar, utstyr, budsjett og midlar m.m.

Os familieKRIK har eiga facebook-gruppe for å dela informasjon om arbeidet vårt. Vi ser at dette er den mest effektive måten å nå folk på, i tillegg til e-post når vi har meir informasjon i forkant av arrangement t.d.

**Styret består av:**

Rune og Guri Døsen Dahl, Maren og Helge Olav Nygard, Turid og Børge Lunde og Elin og Ståle Skaatun.

### **Speidararbeid**

Speidargruppa 1. Os KFUK-KFUM har i 2016 hatt opplegg for 3 ulike aldersgrupper. Det vart gjort ei lita justering i aldersinndelinga, slik at det no er i samsvar med inndeling på nasjonalt plan: Oppdagar (1.-2. klasse), Stifinnar (3.-4. klasse), og Vandrar (5.-10. klasse). Den siste aldersgruppa har eit stort spenn i alder, og det er ei talrik gruppe. Vi har derfor ein del eigne samlingar for dei som er i ungdomsskulealder (førarpatruljegruppa). Det er også nokre få rover-medlemer (over 10. klasse).

Vi har speidarmøte kvar måndag. Kyrkjetunet er oftast utgangspunkt for møta, men vi er stadig på farten – så det kan nok henda at vi til tider er lite synlege. Det er eit poeng for oss speidarar å koma oss ut i naturen, og vi legg vekt på å bruka nærmiljøet mykje. Mellom anna er segling og padling populære aktivitetar.

Eit høgdepunkt i 2016 var kretsleiren, som denne gong vart arrangert på Ænes i Kvinnherad. Fleire hundre speidarar frå Bjørgvin krets bygde opp ein heil teltlandsby, og hadde tett program i 8 dagar. Frå Os var det bortimot 30 speidarar som deltok. Også mange av dei yngste speidarane kom på besøk, og fekk testa ut teltlivet dei siste 3 dagane av leiren. Mottoet for leiren var "Større enn oss".



*Speidarleir på ÅEnes: 2 speidrarar frå Os med leirbålskappe følgjer med på kva som skjer på scenen.*

Også i resten av året legg vi opp til turar i Os og omegn, enten i telt eller hytte. Gjennom Bjørgvin krets har vi tilbod om ei rekke kurs, turar og leirar for dei eldste speidarane, og vi kunne nok vore flinkare til å senda ungdomane av garde på desse arrangementa. Eit opplegg som vi alltid prioriterer for ungdomane er PEFF-kursa (Patruljeførarkurs). Dette er ei viktig brikke i leiartreninga i speidaren. Viktige stikkord for speidararbeidet er elles: Kristen tru – fellesskap – personleg utvikling – friluftsliv – samfunnsengasjement.

Vi er 12-13 aktive leiarar, og fleire andre vaksne støttespelarar – totalt 87 medlemmer. Speidargruppa i Os er faktisk den største i heile Bjørgvin. For tida er det ikkje venteliste for å byrje i speidaren. Det er mest pågang på dei yngste aldersgruppene.

Litt frå formålsparagrafen vår:

*"I KFUK-KFUM-speiderne ønsker vi å gi våre medlemmer et møte med kristen tro, og bidra til ansvarsbevissthet, selvstendighet, samfunnsmessig engasjement, mellomfolkelig forståelse og respekt for naturens verdi. Vi ønsker å ta på alvor at alle er skapt som hele mennesker, og det skal synes i arbeidet vårt og i verdiene vi formidler."*



7.0

## ***Ungdomsarbeid***

Join Us Tensing har 29 medlemmer frå 13-19 år. Koret er knytt til KFUK-KFUM. 40% nedgang i medlemstalet, fordi koret i år har 9 konfirmandar, mot 29 året før. Mange av fjarðarkonfirmantane går framleis i koret, medan nokre eldre har sluttat.

Koret øver onsdagen 19-21 i Kyrkjetunet, ei øving i månaden øver koret i grupper; kor, band, dans, drama og teknikk, program som skal framførast på det faste vårshowet og julekonserten. Koret deltok på 5 gudstenester i Os kyrkje.

Av sosiale aktivitetar kan vi nemna: telt-turen til Samnanger i juni, sosial bli-kjend-weekend i Eikelandsosen bedehus i haust, Vinterfestivalen 2016 på Voss, kor Join Us saman med Blessing frå Fana framførte ein song som var innøvd i fellesskap på førehand. Nattcup i Haukelandshallen i regi av KFUK-KFUM var også populært.

Høgdepunkt gjennom året:

Vårshowet og julekonserten var begge fantastiske opplevelingar – både for publikum og alle i Join Us! Dansegruppa og dramagruppa framførte eigne produksjonar. Koret og songgruppa framførte mange songar akk. av orkesteret, som var supplert med musikarar frå kyrkjelyden. Teknikk-gruppa leverte kjempegod lyd og lys. Å få oppleve våre unge medlemmer i kyrkjelyden formidla ord og tonar på ein slik måte, må kunne betegnast som ei rik velsigning!

Toppen på kransekaka var likevel å få delta på gudstenesta julafstan, som vart kringkasta i NRK TV og Radio til dei tusen heimar i det norske land. Samarbeidet med NRK-folka var ei god oppleveling.

Ei gruppe frå Join Us deltok under tenning av julegrana på Os



og Julemarknadsdagane med song og musikk. Teknikk-gruppa (4 unge) tok eit oppdrag med å rigge lyd og lys for eit anna kor og skaffa såleis inntekt til Join Us Ten Sing.

Årsmøte vart halde den 16. mars 2016. Styret vert vald når haustsemesteret startar, og består av: Sanne Moesgård, styreleiar og dirigent, Inger-Johanne Haugland, vaksenleiar, konfirmantkontakt og rekneskapsansvarleg, Anita Haugland Berge, musikkansvarleg, Anette Lekven Ellefset, sekretær, Lena Lekven Ellefset, styremedlem, og representantar frå temagruppene; Ole Martin Hagen, leiar teknikk-gruppa, Maiken Bahus Heimtoft, Sara Skaatun og Marthe Gaassand leirrar i drama-gruppa, Miriam Larsen og Daniel Fagerlid Andreasson i dansegruppa.

### Ungdomsarbeidet

Ungdomsarbeidet i 2016 har hatt ein del utfordringar med tanke på rekruttering til vidare aktivitet. Tune In og JoinUs har likevel halde ut. Bibelgruppa frå 2015 ved namn In Tune har ikkje vore aktiv i 2016, grunna ingen deltakarar. For at konfirmantane skal få eit tilbod om vidare åndeleg vekst etter konfirmasjon, har vi tilbod for dei som ynskjer det om å delta på Ungdomsalfa. Her var det i år ingen som meldte seg på. Vidare vart det av trusopplæringstiltak arrangert Natt i tunet med god oppslutnad. Youth Alive vart arrangert i januar og hadde låg oppslutnad. Nytt av året var at me skulle arrangera to nye tiltak: «på utskytningsrampen» for dei som vart 18 år i 2016 og #MEG. Begge desse tiltaka måtte avlyst grunna låg/ingen oppslutnad. Det blir jobba med å tenkja nytt rundt #MEG. Godheitsdagen vart og avlyst, då det ikkje var forsvarleg å arrangera den.

Av stabsutskiftingar har dette skjedd: Åse Kristin Urdahl har sluttat som musikalsk leiar for Join Us, og Anita Haugland Berge har teke hennar plass etter enda permisjon. Linda Haugland var og inne for Åse Kristin Urdahl før Anita Haugland Berge tok over. Sanne Moskog har fortsett som dirigent, og Inger Johanne Haugland er med som medansvarleg.

Sigurd Rotvik Tunestveit som var tilsett i ei 20% stilling som ungdomsarbeidar har sluttat og prosentane hans har gått inn i Gro

Helen B. Skjælaaen si stilling som gjer at ho er kyrkejlydspedagog og er med inn i ungdomsarbeidet.

#### Turar

I år vart det igjen arrangert tur til England i regi av Roar og Ingvild Hallesby Evjedal. Her vart det tur til Barrow for å støtta opp om misjonsprosjektet der. Totalt 25 stykke reiste. Av dei var 5 med frå Askøy.

Av andre turar vart det arrangert tur til vinterfestivalen på VOSS. Impuls, Get Focused og Oase hadde i år vart det ingen arrangert tur i regi av kyrkja, men enkelte i arbeidet reiste på Get Focused.

8.0	<p><b><i>Trusopplæring og undervisning</i></b></p> <p><b>Målsetjing (strategiplan for Os sokn):</b></p> <p>Skapa eit systematisk og samanhengande barne- og ungdomsarbeid som utviklar og styrkjer trua hos barn og ungdom, uansett funksjonsnivå.</p> <p>Gjennom dette fremja medvit om kristen etikk, solidaritet og nestekjærleik.</p> <p><b>Innarbeidde tiltak:</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>1. Dåpsførebuing</li> <li>2. Dåpshelsing til 1-år (spisebrikke)</li> <li>3. Dåpshelsing til 2-år (CD)</li> <li>4. Adventsamling med utdeling av adventsbok-kalender til 3åringar</li> <li>5. Utdeling av 4-årsbok</li> <li>6. Påskevandring 5år</li> <li>7. Skulestartmarkering, Utdeling av 6-årsboka</li> <li>8. «Heilt førsteklasses»</li> <li>9. Skapingsdagane 7 og 8 år</li> <li>10. Tårnagent 9 år</li> <li>11. Pinsevandring på Pilegrimsvis 10 år</li> <li>12. Lys Vaken 11 år</li> <li>13. Godheitsdag 12 år</li> <li>14. #MEG – seminar om identitet, sjølvbilde og kropp 13 år</li> <li>15. Natt i Tunet (Lan) 13åringar vert inviterte særskilt</li> <li>. Konfirmantarbeid 14 år: <ul style="list-style-type: none"> <li>a. Gruppeopplegg ( 8 ulike tilbod)</li> <li><b>Avslutta gruppe:</b> KRIK sportsfiske</li> <li><b>Nye grupper:</b> TT-gruppa (praktiske tenester i kyrkjelyden)</li> <li>b. <u>Undervisningssamvær:</u> Kun fem temasamlingar i år, innført sjølvstudium som «Nettkonfirmant» (for alle), ei PULShelg</li> <li>c. Foreldrekontakt <i>haust</i>: Fyrste gruppесamling for både konfirmantar og foreldre. <i>Vår</i>: foreldremiddag med info</li> </ul> </li> <li>16. Youth Alive (leir) 15 år</li> <li>17. Alphakurs for ungdom 15-17 år</li> <li>18. På Utskytningsrampen 18 år</li> </ul> <p><b>Innarbeidde tiltak:</b></p> <p><b>Dåpsførebuing</b></p> <p>Det er dåpsførebuing ein vekedag i forkant av gudstenester med</p>
-----	--

dåp. Førebuinga har vore leia av den presten som skal ha gudstenesta.

### Dåphelsing til 1- og 2- åringar

Utsending av spisebrikke og CD eitt og to år etter dåp, med brev og helsing. Dette gjer vi ein gong i kvartalet.

I 2015 prøvde vi ut ei ny ordning med utkøyring i krinsane. Frivillige tek ansvar for kvar sin krins (6 krinsar). Denne ordninga er evaluert, og det er postivit både for dei som kjører ut, og dei som blir møtt heime med ei fin overrasking.

Vi har 2 tiltaksfadrar som pakkar dåphelsingane klare til utsending.

### Utdeling av adventsbok-kalender til 3-åringar

Laurdagssamling kl. 12.00 - 14.00 med: måltid (graut), hobby (adventsstjerne), bibelforteljing (vismennene og stjerna) og utdeling av boka. Like over 50 barn deltok dette året, og 17 frivillige deltok. Fleire av dei frivillige som var med no, er dei same som var med sidan starten av dette tiltaket. Det er flott og praktisk med tiltaksfadrar.

### Utdeling av 4-årsbok

Dette inneber to samlingar for kvar 4-åring; Undretur (ei «bli kjent i kyrkja»-samling) og ei gudsteneste med utdeling av 4-årsbok. Det er fem slike opplegg kvart år, to i Nore Neset kyrkje og tre i Os kyrkje. Trusopplærar Hege Varhaug-Lekven har vore hovudansvarleg; kateket gjennomfører dette saman med prest og organist som har ansvar for gudstenesta. Fleire frivillige tek del både på Undretur og gudsteneste, og nokre vil vera tiltaksfadrar for dette. Ca ..... barn mottok 4 års boka i 2016.

### Påskevandring

Tiltaket er for 5 åringer. Dette er eit tiltak, med ide frå England «Experience Easter». Kyrkjerommet blei innreidd som ei reise gjennom påskehistoria. Sjå, gjer og lær. Vi fekk hjelp av fleire kunstnare til utsmykkinga, Edle Svendsen Lunde, Atle Haugland og Bente Haugland. Oppsettet blei og brukt i fleire anledningar som t.d. i gudstenester og barnehage fekk oppleve vandringa i dei fine kulissane. 30 barn deltok. 3 tilsette, 6 frivillige.

### Utdeling av 6-årsbok

Skulestartmarkering for alle 6-åringar i begge kyrkjene med utdeling av 6-årsboka. 48 barn fekk utdelt bok. 2 frivillige barn deltok med dramatisering og som forsangergruppe. 2 voksne frivillige deltok med registrering og utdeling. Kyrkjelydsarbeidar Hege Varhaug-Lekven var hovudansvarleg for planlegging og gjennomføring av begge gudstenestene saman med prest og organist.

### «Heilt førsteklasses»

Som ei oppfølging til 6-årsboka, vert 7-åringane inviterte til 5

ettermiddagssamlingar på våren. Kvar samling varer 1,5 time, og inneheld bibelforteljing, formingsaktivitet og mat. Trusopplærar planla og gjennomførte tiltaket saman med frivillige medarbeidarar. Fleire foreldre deltok i praktiske oppgåver undervegs.

25 born deltok i tiltaket.

### **Skapingsdagane**

Alle 7- og 8-åringane vart invitert til 3 dagar (kl 9-15) til skaping saman med kunstnarar innan keramikk, dans, trommer, foto og maling. Vi starta og avslutta kvar dag i kyrkja med andakt og bønn. Veka vart avslutta med gudsteneste der borna deltok med tromme, dans og drama/song.

75 born deltok. Medarbeidarar:

6 tiltaksfadrar, 5 frå stab + 6 kunstnarar og mange foreldre og besteforeldre.

PS: Os kyrkjelyd fekk dette året

"Trosopplæringsprisen". Ære, berømming, anerkjenning og 50 000 kr.



### **Tårnagentar**

Første gong i Os. Eit nasjonalt opplegg, med innspel frå andre lokale variantar, blei Os sin første gang med Tårnagentane. Barna lærer å vera gode agentar. Dei får nytte utstyr som forstørringsglas, fingeravtrykk, tur i og informasjon om tårnet og kiminga. Politiet kom på besøk og støtta oss i arbeidet. Tårnagentane fekk og testa seg på fingeravtrykk. Laurdag kl 14 – 19, og sterkt Tårnagent-profil på gudstenesta på søndagen.



52 barn deltok. 3 tiltaksfadrar var med, og mange gode foreldre, som hadde små og store oppgåver. Hege Varhaug-Lekven og Gro Helen hadde saman hovudansvaret, prest deltok laurdag og søndag. Organist var engasjert.

### **Pinsevandring på Pilegrimsvis**

Oppstart dette året. Tiltaket er lagt til ruinane ved Lysekloster og stien bak. Speidaren har vore med og utarbeidd tiltaket og deltar aktivt denne dagen. Det var søndag 3 timer. 15 barn deltok. 3 frå stab, 8 speidarar og 3 vaksne frivillige.

### **Lys Vaken**

I fjar var det 0 påmeldt på Nore Neset til Lys Vaken. Derfor ville vi gjera nokre gode grep dette året. Invitasjonane gjekk ut til både Os og Nore neset krins, på same tid i posten, med invitasjon til den krinsen barna høyrdde til. Samtidig eit tilbod om å delta i den andre

kyrkja om det høvde betre. I tillegg vart friske «flygeblad» sende til barna nokre dagar etter den opphavelege invitasjonen.

34 barn deltok på Nore Neset og 27 barn på Os. Hege Varhaug-Lekven hadde hovudansvaret begge stadene. Elles frå stab; organist Anita begge stader, 2 prestar og Hildur. Vi har 2 tiltaksfadrar som igjen deltok på kvar sin stad. Mange foreldre deltok med praktiske oppgåver.

Gudstenesta fungerte godt i samarbeid mellom alle som deltok, og Lys Vaken-barna deltar veldig aktivt her.

#### Godheitsdagen

Gjennomført første gong i juni og alle døypte og tilhøyrande 6.klassingar fekk invitasjon i posten.

11 deltakarar, to tilsette og fire frivillige deltok. Underhaldning på Luranetunet og flyttehjelp var aktivitetane i år.



#### Konfirmantarbeid

##### a: Gruppene frå 2015/16

(Presentert med hovudleiar og tal på deltakarar)

Båt- og Sjøliv (Svein A. Bakke, 26 stk)

Join Us – Ten Sing (Inger Johanne Haugland, 27 stk)

KRIK eXplore (Sigurd Rotvik Tunestvedt, 16 stk)

KRIK Golf (Roar H Evjedal, 18 stk)

KonfCamp (Lars Joar Hilleren, Hildur Løkken Lillestøl, 60 stk )

Tune In (Lars Joar Hilleren, 14 stk )

SamanFORandre (Jannike Gangstø Rogne, 7 stk )

TT-gruppa (TilTenesete) (Hildur Løkken Lillestøl, 7 stk)

##### b: Vidareføring av konfirmantplan med fokus på relasjonsbygging



K-

Vi har vidareført ordninga for konfirmantane med aktivitetsgrupper. Desse gruppene har litt undervisning, og det fungerer godt. Eit av måla med dette var å knyta relasjonar med konfirmantane og gjera dei tryggare i det kyrkjelige fellesskapet. Her er vi komne eit stykke på veg, men har framleis ein jobb å gjera. Vi ynskjer å arbeida for å knyta konfirmantane opp mot det fungerande ungdomsarbeidet i kyrkjelyden.

##### c: Gudstenesteverkstad

Gudstenesteverkstaden er innlemma i PULShelga, der konfirmantane førebud sine oppgåver gruppevis (ministrantoppgåver, bønevandring,

forsongargruppe). Slik deltek dei aktivt på gudstenesta som er knytt til denne helga. Dette opplever vi som viktig og positivt for konfirmantane og kyrkjelyden.

**d: Gruppene fra 2016/17**

(Presentert med hovudleiar og tal på deltakarar)

Båt- og Sjøliv – ikkje tilbod i år

Join Us – Ten Sing (Inger Johanne Haugland, 9 stk.)

KRIK eXplore (Gro Helen Skjælaaen, 18 stk.)

KRIK Golf (Roar H. Evjedal, 18 stk.)

KonfCamp (Lars Joar Hilleren, 55 stk. )

Konf;Tune In (Lars Joar Hilleren, 16 stk. )

SamanFORAndre (Jannike Gangstø Rogne, 16 stk. )

NETTprat (Hildur Løkken Lillestøl Nytt tilbod med fokus på tema for Nettkonfirmant

TT-gruppa (Hildur Løkken Lillestøl, ikkje nok interesse.)

M&M gruppa (Middag og misjon. Nytt tiltak, ikkje nok interesse)

**e: Konfirmantarbeidet haust 2016:**

Oppstart som i fjor eit storfellesskap og « Kick Off» på Kyrkjeflaten for alle konfirmantane. God hjelp av unge leiarar i Join Us .

Vi starta gruppесamlingane med bli-kjent-opplegg for konfirmantar og infodel for føresette. I år har vi 154 konfirmantar, ein nedgang i talet på konfirmantar i høve til i fjor, men prosentvis auke i høve til storleiken på årskullet.

Nytt for dette konfirmantkullet: NETTprat gruppa som gjev støtte i for arbeidet me Nettkonfirmantopplegget. Båt&Sjølivsgruppa er ikkje eit tilbod i år. To aktivitetstilbod vart ikkje sette i gang grunna lita interesse. NETTkonfirmant opplegget som vi starta med i fjor er og ein viktig del av undervisninga i år. Vi har tatt fleire grep i haust for å betra struktur og oppfølging av konfirmantane rundt dette.

Opplegget med stasjons-undervisning har vi gjennomført på alle undervisningssamvær heile dette året. PULS-helgene har undervisning ut frå same tema som før. Bolken med gudstenestverkstad har vi fortsett med. Konfirmantane førebur då konkrete oppgåver til gudstenesta.

Evaluering av konfirmantopplegget: Vi har lydhøre, greie og kjekke konfirmantar. Konf Camp er også i år den aktivitetsgruppa som har størst oppslutning. Interessa for KRIK eXplore og golf var svært stor ved påmelding. Vi vil framleis arbeida for at alle konfirmantar får med seg ei leiroppleving i løpet av konfirmanttida.

Når det gjeld medarbeidarar i konfirmantarbeidet, er vi svært takknemlig for dei frivillige gruppeleiarane vi har. Vi ser det som svært positivt om vi fekk med mange frivillige leiarar i gruppene, på turar og i undervisninga. Det er mange flotte ressursar i kyrkjelyden som kan tilføra konfirmantane kunnskap, erfaring og godt fellesskap.

## Trusopplæringsutvalet

### a: Medlemmene

*Medlem i Trusopplæringsutvalet (TOU) er sidan soknerådsvalet:  
Tilsette: Roar Hallesby Evjedal, Hege Varhaug-Lekven (leiar), Hildur Løkken Lillestøl, Lars Joar Hilleren soknerådsrepr.: Edle Svendsen Lunde, Kay-Even Hægland, kyrkjelydsrepr.: Ingunn Hetlevik Halland, Steinar Haugland.*

### b: Arbeidet

TOU har hatt 3 møte frå mai – sept. 2016:

Hovudsaker har vore vidare drift av trusopplæringstiltaka. Nye medlem, både valde og tilsette må koma inn i arbeidsoppgåvene. Marknadsføring er eit viktig stikkord for arbeidet vidare framover! Planen er ein reiskap for trusopplæringsarbeidet i Os kyrkjelyd. Den gjev oss nye utfordringar og skaper nye moglegheiter! HAUST 2016 var fem tilsette og eit soknerådsmedlem på Trusopplæringskonferansen på Lillestrøm.

Vi har sett i gong dei siste tiltaka dette året. Det viser seg å vera vanskeleg å fanga interessa for ungdomstiltaka. Godheitsdagen, #MEG og «På Utskytingsrampen» hadde svært få påmelde og tiltaka vart ikkje gjennomført. Komande året må vi bruka tid på å bearbeida tiltaka for å gjera dei interessante for målgruppa.



## C: Framdrift 2016

### Oppstart av nye tiltak:

- På Utskytingsrampen (i mai)
- #MEG (haust)
- Ferdigutvikla opplegg rundt «Tiltaksfadder»

### Medhjelparar:

Foreldre hjelper til med praktiske oppgåver i mange av tiltaka. Kjekt å sjå at tiltaksfadrar trivest med oppgåvene. Vi må framleis utvikla eit godt opplegg for å invitera og inkludera ressursar i foreldregruppa, konfirmantgruppa og kyrkjelyden generelt. Vi har og sett oss eit mål om å få med unge medhjelparar i dei tiltaka der dette er naturleg. Oppgåvene er mange og varierte og målet må vera at dei som vil vera med kan finna sin plass.

## **Samarbeidande organisasjoner**

### **Os kommune**

Det er samarbeid med kommunen på fleire område.

**Samarbeid med Frivillig-sentralen** om opplegg for konfirmantgruppe med diakonal profil har vore positivt og godt. Dette samarbeidet fungerer godt .

### **Samarbeid skule/kyrkje for 4.- 6. klassetrinn:**

- 4. klasse kyrkjebesøk med tema kyrkjebygget, kyrkjerommet og orgelv/ kateket, organist og kyrkjeterar
- 5. klasse skulebesøk med tema Bibelen, utdeling av bibel til alle v/kateket
- 6. klasse kyrkjebesøk med tema Kyrkjemusikk og kyrkjearkitektur v/kateket og organist

Alle barnehagane og skulane inviterte til eigne adventsgudstenester. Det var eigne barnehagegudstenester på bedehusa i Søre Øyane og på Søfteland, og i Galleriet på Halhjem Totalt 13 barnehagegudstenester og 15 skulegudstenester

### **Trusopplærings-kommentar**

To trusopplæringstiltak har i 2016 vorte gjennomført for første gong «Tårnagentar» og «Heilt førsteklasses» Begge tiltaka hadde god deltaking, godt med medhjelparar og var vellukka på alle måtar.

I gjennomføringa av desse tiltaka har vi opplevd at samarbeidsmodellen vi legg opp til mellom frivillige og stab utløyser engasjement, inspirasjon og energi. Eit eksempel på fellesskapstanken i Bibelen i praksis.

Vi høyrer saman - og saman er vi best!

### **Trusopplæring**

#### **Babysong, i Os og Nore Neset**

Babysong har lenge vore eit populært tilbod for nybakte mødrar. I 2015 deltok 42 babyar på babysong med sine mødrar. Det har vore størst pågang i Os, men det har og vore ein god auke i talet på Nore Neset.

Mange av dei som har gått på babysong begynner og i familiekoret Shabadubs med eldre born.

Babysong på Nore Neset har no vorte etablert tilbod. Alle som har døypt barna i tilhøyrande krins får skriftleg invitasjon. Det blir i tillegg annonsert i avisar, der alle vert invitert til å mælda seg på.

I haust starta vi med invitasjon til alle døypte og påmelding på medarbeidaren i Os-krinsen og.

9.0	<p><b>Diakoni</b></p> <hr/> <p style="text-align: center;"><i>Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste. Den er evangeliet i handling og blir uttrykt gjennom nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.</i></p> <hr/> <p>Ved hjelp av dei gode handlingane vi gjer og omsorga vi viser for medmenneska våre, kan fleire få oppleva kjærleiken Gud har for dei. Det er dette diakoni handlar om.</p> <p>Den norske kyrkja sin definisjon av diakoni er eit hjelpemiddel Os kyrkjelyd nyttar. Dette hjelpebiddelet gjer det mogeleg å arbeida mot å ha eit heilskapleg blick på den diakonale tenesta. Alle i kyrkjelyden har eit ansvar i den diakonale oppgåva vi har fått frå Gud; i å visa omsorg til sine medmenneske og til heile skaparverket. Det er viktig å stadig arbeida med å gjera kyrkja si omsorgsteneste kjent for kyrkjelyden, og for alle innbyggjarane i Os kommune.</p> <p><b>Diakoniutvalet</b></p> <p>Diakoniutvalet hadde tre møte i 2016. Utvalet har hatt ein gjennomgang av diakoniplan og vurdering av enkelte tiltak som er mogeleg å arbeida meir med. Dette gjeld blant anna grøn kyrkjelyd, sorgseminar, arrangement i jula, besøkstenesta, og ønskje om å ha open kyrkje. Diakoniutvalet planlegg å arbeida med å evaluera og revidera diakoniplanen våren 2017. Diakoniutvalet planla den årlege fisketuren kyrkjelyden arrangerer for dei nyaste tilflytta flyktningane. På grunn av dårlig vær vart denne turen avlyst. Utvalet har òg arbeidd med fokusområdet <i>ungdom</i> i diakoniplanen, med mål om å auka satsinga på dette området. Diakoniutvalet ønskjer ungdommar som har ei eittåringsteneste til Os kyrkjelyd.</p> <p>Medlemmane i utvalet er: Ragnhild Sognnes Haugland, Haldis Wenche Omdahl, Anne Kårstad Wivegh, Knut-Inge Johnsen og diakon.</p>

### ***Arbeid med å inkludera innvandrarar***

I februar starta kyrkjelyden i samarbeid med enkeltpersonar i målgruppa, opp språkkafeen.

Språkkafeen er ein viktig sosial arena for dei som kjem til Os. Her får dei bli kjent med andre og kan læra seg det norske språket betre. Vi har eit tema kvar gong og bruker enkle oppgåver som ei hjelptil å snakka saman. Nokon kan godt norsk og andre har akkurat begynt å læra seg det norske språket.

Språkkafeen vart tidlig eit samarbeid med Frivilligsentralen og Norsk Folkehjelp, og etter kvart òg Sanitetsforeininga og Nav Flyktningtenesta.

Det kjem stadig fleire menneske til språkkafeen som ønskjer å læra seg å snakka norsk betre. Dei som kjem er frå alle verdsdelar. Behovet for frivillige medarbeidarar er stort, og vi arbeider stadig med å få fleire med. På språkkafeen er det god stemning, latter, eit mylder av kulturar og spennande samtalar, og sjølvsagt mykje glede!

Kyrkjelyden tok i løpet av våren initiativ til å arrangera ein internasjonal fest. Bakrunnen for festen var eit ønskje frå nokon av dei ny-innflytta osingane om å få visa litt av sin kultur og sin bakgrunn til folk i Os.

Saman med fleire organisasjonar og foreiningar vart festen gjennomført i midten av september. På festen fekk ein smakebitar av kultur, mat og musikk frå ulike kantar av verda.

Før jula 2016 vart folk i kyrkjelyden oppfordra til å invitera flyktningar heim til seg på julebesøk. I samarbeid med Flyktningtenesta resulterte denne oppfordringa i at om lag 20 flyktningar fekk erfara litt av korleis den norske jula blir feira. Tilbakemeldingane på oppfordringane har vore positive. Erfaringane viser samtidig at dette kan føra med seg uavklarte situasjonar, som utfordringar med språk og kulturulikskapar.

### ***Tilbod til dei som har mista nære personar***

Oppfølging av dei som har mista ein av sine kjære, er eit sentralt diakonalt arbeid. Alle etterlatne får tilsendt eit brev med tilbod om å få levert sorglys på døra. Det er mogeleg å takka nei til dette tilboden. I 2016 var erfaringa at det vart levert sorglys til om lag to tredelar av dei som får tilboden. Med nokon unntak set alle som får levert sorglys på døra, stor pris på merksemda. Saman med sorglyset blir det levert ein brosjyre med informasjon om det å vera i sorg.

Kyrkjelyden har tradisjon for å invitera til sorgsamling ein gong i løpet av februar og mars. Denne sorgsamlings vart gjennomført i februar 2016.

Inntrykket er at det har ein verdi for dei som kjem. Ønskjet er derfor å fortsetja å invitera til sorgsamling i åra vidare.

I samarbeid med kommunen har kyrkjelyden arrangert *Kveldsope*, som var ein open møtestad for dei som har mista ein av sine nære. Kveldsope vart starta våren 2015, då som eit tilbod for dei som òg har ansvar for barn og unge. I 2016 vart denne avgrensinga tatt bort, slik at tilboden var for alle som har mista nokon. Det har vore få personar som har takka ja til dette tilboden. Samarbeidsgruppa bestemte dermed å avvikla tilboden. Det er samtidig opning for å oppretta nye tiltak for denne gruppa dersom det skulle viser seg å vera behov for det.

#### ***Vern om skaparverket***

I 2015 vart Os kyrkjelyd godkjend som grøn kyrkjelyd. Av arbeid kring dette tema har vi ei fast spalte i kyrkjebladet med klimafakta og miljøtips. Det er viktig å ikkje kvila på at vi har blitt grøn kyrkjelyd, men halda fokuset og utvikla oss. Det er eit ønske om at kyrkjelyden skal få eit endå større medvit om dette; i dei ulike aktivitetane, på gudstenestene og kyrkjekaffien, m.m. Ønsket er derfor å arbeida vidare med dette området.

#### ***Besökstenesta***

Kyrkjelyden har lenge samarbeidd med Frivilligsentralen når det gjeld tilbod om besöksteneste. Det er stor omsorg i at enkelpersonar kan få ein litt hyggelegare kvardag, når dei får besøk av ein besøksven, går tur eller les ei bok saman, m.m. Gleda over besökstenesta er stor for den som kjem på besøk og den som er besøksven. Det er eit stort potensial i dette arbeidet som er nødvendig å arbeida meir med.

#### ***Vindfanget***

Vindfanget oppfølgingssenter gir tilbod om oppfølging for menneske som ønskjer å arbeida med endring for å oppnå eit liv utan rusavhengigkeit og kriminalitet. Verksemda er ein del av den ideelle, diakonale og landsdekkande Stiftelsen Kirkens Sosialtjeneste. Diakonen besøkte Vindfanget to gonger på våren. Formålet med besøka er å visa omsorg for menneska som er der, tilby samtale og å ønskja dei velkommen til aktuelle tilbod kyrkjelyden har. Det er ønskjeleg å få ei meir etablert ordning på å besøkja Vindfanget.

	<p><b>Samarbeid</b></p> <p>I det diakonale arbeidet er samarbeid med andre organisasjoner, foreiningar og einingar sentralt. I samarbeidet har vi felles mål om å bry oss om enkeltmenneske i kommunen. Ulikskapane som pregar oss er ein styrke ved at vi får ulike perspektiv på det vi held på med, samt eit meir heilskapleg tilbod. Kontaktflata til dei vi ønskjer å bry oss om, blir òg større. I det diakonale arbeidet har det vore samarbeid med andre ved følgjande tilbod: språkkafé, internasjonal fest, konfirmantarbeid, sorgarbeid, besøksteneste.</p> <p><b>Tiltak retta mot menneske med psykiske og/eller fysiske utfordringar.</b></p> <p><b>Søndagssamlingar</b></p> <p>I 2016 var det 7 ordinære søndagssamlingar, 4 om våren og 3 om hausten. Opplegget følgjer kjente og kjære spor: Song, musikk, bibelforteljing, kaffi og kaker og meir song og musikk.</p> <p>Eit stort korps av frivillige tar ansvar for song og musikk og kaffi og kaker. Soknepresten har hovudansvar, diakonen er med. Konfirmantar frå gruppa «Saman4andre», har og vore med og gjort ein god jobb i det praktiske arbeidet.</p> <p><b>Bli-kjent-i-kyrkja-kurset</b></p> <p>For same gruppa var det og arrangert «Bli-kjent-i kyrkja»- kurs i haust. Kurset var ei oppfølging av tilsvarende kurs våren 2011. I haust var det 4 kurskveldar med desse tema: Gudsteneste med dåp og nattverd, konfirmasjon, bryllaup og jul. 20 var meldt på som deltagarar. Saman med medhjelparar og frivillige medarbeidarar var det ein fin gjeng.</p>
10.0	<p><b>Kyrkjemusikk</b></p> <p><u><b>Kyrkjemusikk Årsmelding 2016</b></u></p> <p><b>Musikkutvalet</b></p> <p>Utvalet er delt i to undergrupper: Gudstenestegruppa og konsertgruppa.</p>

Gudstenestegruppa har ansvar for å samordna kontakten med musikkrefter i og utanfor kyrkjelyden. Dei har som målsetjing at kvar gudsteneste skal ha eit musikalsk innslag i tillegg til orgelmusikken. Dette er ein vinn-vinn situasjon der kulturaktørane får høve til å opptre for eit lydhört publikum, kyrkjelyden får musikkopplevingar og meir varierte gudstenester, og kyrkja styrker rolla si i lokalsamfunnet. Det vert heile tida jobba med det som mål at alt som skjer i gudstenestene er integrert i ein heilskap, slik at musikkinnslag ikkje vert små konsertar. Kvar 8.- 10. veke møtest vi for å planleggja musikkinnslag for kvar gudsteneste. Medlemmene i gudstenestegruppa er Grethe Inger Berge, Norvald Kobbeltvært og kantor. Dei frivillige som har delteke er: Kyriakè, kyrjekoret, Last minute-koret, Fonos, Os vocalis, Os musikkforening, Os mannskor, Os spelemannslag, Os kammerkor, Gladsangere, Join Us, Sofie Haukås, GTONO trio (Grethe Inger Berge, Toril Myklebust Lie og Norvald Kobbeltvært), Grethe Inger Berge, Øyvind Gjerde, Martin Herfjord, Helge Haukås, Gro Helen og Torgeir Skjælaaen, Oddgeir Bjelland, Tonje Hernes, Knut Inge Johnsen, Brita Maripuu, Sanne Moesgaard, Øyvind Vedvik, Thea Haugen, Håheim-Larsen duo, Tone Lise Moberg, Vibeke Nordtveit, June Strønen, Heidi Bråthen Johannessen, Kate Larsen, Silje Kuven Odland, Linn Kjerstin Rondestveit, lovsongbandet, Tweens og elevar frå Kongshaug, leia av Frode Jakobsen.

Konsertgruppa har ansvar for å arrangera konsertane under nemninga "Musikk i kyrkja". Tanken med dette arbeidet er å samordna og synleggjera det rike konsertlivet i kyrkjene, mellom anna med opptrykt semesterprogram. Ei anna målsetjing er å lyfta fram unge talent og gje lokale utøvarar høve til å opptre. Gruppa tilbyr marknadsføring og arrangørhjelp til dei som vil halda konsertar. Konsertgruppa møtest 1-2 gonger per semester. Medlemmene i konsertgruppa er Knut Vidar Garlid, Øyvind Vedvik og kantor. Konsertar i 2016 under "Musikk i kyrkja": 10. april (Nordhordlandsmusikk) og 8. juli (gitarduo).

Året 2016 slutta med at NRK kringkasta gudstenester frå Os kyrkje julafoten og 1. juledag. Musikkdeltakarane var Os mannskor, blåsarar frå Os musikkforening, Join Us, Vibeke Nordtveit (kornett) og Martin Herfjord (song).

### Andre konsertar

Det har vore ca. 20 konsertar i kyrkjene. Det er litt færre enn i fjar, og berre 5 av konsertane var rein utelege til eksterne aktørar. Lokale lag stod for 10 av konsertane, medan kyrkjelyden sjølv hadde hand om 5 arrangement. Nore Neset kyrkje er framleis ein viktig arena for konsertar og kulturkveldar. Desse tala syner kor stor rolle musikken spelar i

kyrkjelyden og at kyrkja er ein naturleg samarbeidspartner for det lokale musikklivet i Os.

### Vaksenarbeid – Kor

Os kyrkjekor held fram som kyrkjelyden sitt gudstenestekor, leia av kantor. Dei syng 3-4 gonger per semester. I tillegg er det to forsongargrupper som leiar salmesongen, spesielt for dåpsgudstenester. Last minute-koret syng 1 - 2 gonger per semester. Med ei friare stilling innanfor kyrkjelyden har vi Kyriakè, leia av Turid Bakke Braut og Fonos, leia av Stine Kobbeltvedt. Kyriake syng på 2-3 gudstenester årleg. Fonos syng 1 gong per år. Join Us syng på fleire gudstenester i løpet av semesteret, og dei har jo også sin eigen konsert på våren og før jul.

### Ressursar

I august kom Anita Haugland Berge tilbake frå permisjon som organist/trusopplæringsmedarbeidar. Åse Kristin Urdahl slutta som vikarorganist i april og Linda Haugland tok over inntil Anita kom tilbake. Det er og mange andre frå kyrkjelyden som er aktive på musikksida og som spelar og syng på dåpsgudstenester, bandgudstenester, familiegudstenester, høgmesser, osv. Elevar frå Kongshaug musikkgymnas deltek jamt. Det same gjer songarar, musikarar og lag frå musikklivet i Os.

Vi har ein ny pianoteknikar. I oktober installerte han klimaanlegg i pianoa i Os og Nore Neset kyrkjer for å stabilisere fuktighet slik at ein ikkje treng å stemme så ofte. Så langt går det bra.

Orgelet i Os kyrkje er 60 år gammalt og begynner å visa aldersteikn. Vedlikehaldsmannen meinte at orglet i Os kyrkje berre har ei levetid på 10-15 år. Orglet i Nore Neset kyrkje er i god stand.  
Vurdering av orgel i Os vert tilleggsdel av tilstandsrapport for Os kyrkje.

Andrew Paul Holman, kantor/organist.

11.0

## ***Anna kyrkjelydsarbeid***

### Torsdag i tunet

4 samlingar kvart semester. Enkel kveldsmat, innleiingsforedrag eller formidling over eit tema. Prat rundt borda og høve til spørsmål/kommentar. Pent «innramma» med lokale musikk-krefter.

## **Koinonia**

Livskraftig arbeid for og med dei som har høve til å samlast på føremiddagen. Det er mange frivillige, spanande program og stor oppslutnad.

Eit mangfold av tema er oppe kvart semester; frå tema omkring tru og bibelkunnskap, til kultur og samfunnsspørsmål. Eit stort og trufast «cateringkorps» lager til god varm lunsj. Den sosiale ramma saman med dyktige forelesarar og gode musikk-innslag gjer dette tiltaket til ei kosteleg perle i vårt arbeid. Kvart vårsemester vert avslutta med ein 3-4 dagars tur.

## **Eldretreffet**

Eldretreffa i Kløvertun har ei historie fleire 10-år bakover, og er eit samarbeid mellom Sanitetsforeininga og Os kyrkjelyd (tidlegare ved Os diakonat). Første tysdag kvar månad (unnatak sommarmånadene) er det samling. Ulike tema vert presenterte saman med triveleg måltid og ulike underhaldningsinnslag. Sanitetskvinnene held hus og syter for god mat, medan Kaare og Anny Bakke har ansvar for program. Kvar juni skipar dei til ein dagstur.

## **Sorgarbeid**

I tillegg til det diakonen nemner, vil eg nemna:

- Minnegudstenestene helgemesse-søndag er godt besøkte
- Eiga minnegudstenste for dei som er knytt opp mot tenestene for psykisk utviklingshemma vart godt motteken av dei som kom
- Sorsamling. I og med at vi var i nytt prosti, ynskte vi å invitera til dei felles sorsamlingane i prostiet, i staden for å ha vår eiga. Det var ingen frå Os som drog dit.  
Tilbakemeldingane er at det var for langt unna.

## **Misjonsarbeid**

- Misjonsforeiningar, NMS-samarbeid. Samarbeidsavtale med NMS

## **Bibelgrupper og husfellesskap**

Det finst bibelgrupper og husfellesskap. Men det er vanskeleg å få eit oversyn over desse gruppene, og om det finst opne grupper. Bibelgruppene i heimen til Vegard og Grethe Hodneland har vore opne og er gjort kjent i kyrkjebladet.

## **Open søndag i tunet**

Dette tiltaket starta opp hausten 2015. Ei gruppe i kyrkjelyden har teke initiativ til kveldar med undervisning, lovsong og bøn.

Open sundag har hatt 4-5 samlingar/semester. Oppmøtet varierar ein del; det er ikkje registrert nokre oppmøtetal.

## **Saman i bøn**

Ei gruppe frå ulike forsamlingar i Os møtest og ber for ulike personar, institusjonar og andre formulerte bøneemne. Dei samlast på ulike stader/forsamlingshus. Det er ikkje rapportert inn aktivitet elles.

## **Prostisamarbeid**

### **1. Organisering av prestetenesta**

Prestane er fordelt på 3 samarbeidsområde. Så langt råd, søker ein å løysa avvikling av feriar og fritid innanfor kvart tenesteområde ved at prestane gjer teneste for kvarandre. Os og Austevoll er eit område. For det meste har vi klart å dekka opp, men til einskilde tenester, særleg gudstenester, har det vore naudsynt å få inn ekstern vikar i begge sokna.

### **2. Fagleg samarbeid.**

a. Prestane i Fana samlast kvar veke til tekstgjennomgang.

Prestane i Os har vore fritekne for dette på grunn av avstand.

b. Det har vore nokre tverrfaglege samlingar der prestane har møteplikt og kateketar, kantorar og diakonar er inviterte med. I haust har desse samlingane gått ut fordi prestane er pålagde av biskopen å ta etterutdanning i «reformatorisk teologi»

c. Studietur for prestane. Alle 25 prestane var i Barcelona på studietur veka etter pinse

### **3. Prostiforum** er ein møteplass for kyrkjeleverjer, soknerådsleiarar og sokneprestane. Dei møtest om lag ein

	<p>gong i året.</p> <p>4. Det har vore invitert til felles sorgseminar i prostiet. Det kan sjå ut som om osingane ikkje har nytta seg av dette tilbodet. Avstanden vert for stor.</p> <p>Prosten har vore på prostevitjing i stab og sokneråd. Han har hatt medarbeidarsamtale med prestane og samtale med kyrkjeverja.</p>
12.0	<p><b><i>Mediearbeit</i></b></p> <p>Kyrkjebladet kom med 4 nummer i 2016. Redaksjonen har hatt som mål å presentera ulike hendingar i kyrkjelyden; både ved førehandsomtale og i korte reportasjar i etterkant. Vi har ikkje gjennomført noko systematisk undersøking om korleis bladet vert motteke og lese. På den andre sida er det mange ulike tilbakemeldingar der folk direkte eller indirekte syner til oppslag i kyrkjebladet. Trass i dei mange gode tilbakemeldingane, er det ein tankekross at så få er villige til å betala den frivillige kontingensten.</p> <p>Websida <a href="http://kyrkja.no/os">http://kyrkja.no/os</a> er kyrkjelyden si web-løysing. Det er og ei Facebook-side der ein publiserer ulike arrangement.</p> <p>Kyrkjelyden sender tidvis ulike pressemeldingar til lokalavis og lokale web-sider. Oftast vert desse pressemeldingane nytta til små reportasjar. Alle gudstenester vert fast annonser i lokalavisa. Nokre einskildarrangement vert også annonser på <a href="http://www.midtsiden.no">www.midtsiden.no</a>.</p> <p>Fleire arrangement, særleg knytt til trusopplæringstiltak, har fått god omtale i lokale medium.</p>
13.0	<p><b><i>Frivillige medarbeidarar</i></b></p> <p>Os kyrkjelyd har mange flotte frivillige medarbeidarar. Deira innsats er heilt avgjerande for å kunna oppretthalda mangfaldet av aktivitetar og tilbod i kyrkjelyden, og ikkje minst for gjennomføringa av gudstenestene.</p> <p><b>I gjennomføring av gudstenestene har vi ei stor og stabil gruppe.</b></p> <p>2 kyrkjevertar møter gudstenestedeltakarane i døra med eit smil og deler ut salmebok og ark, 1 dåpsvert, 1 tekstlesar, 1 nattverdsmedhjelpar, og er det ikkje dåp, er der også ein kalkvaskar. I tillegg 1 som held Barnesamling under gudstenestene,</p>

	<p>og 2 som lagar i stand kyrkjekaffi.</p> <p>Gruppa består av rundt 75 medhjelparar fordelt på 135 gudstenester i året. Vidare er det rundt 160 aktive frivillige som bidrar på ymse vis i trusopplæring og aktivitetar (søndagsskular, Ten Sing, barnekor, speidar, konfirmantarbeid, reinhald og dugnadsarbeid i Kyrkjetunet, Koinonia, ulike utval og styre, m.m.)</p> <p><b>Vi er takksame for den flotte innsatsen alle dei frivillige gjer.</b></p>
14.0	<p><b>Samarbeidande organisasjonar</b></p> <p><b>Os kommune</b></p> <p>Det er eit løpende samarbeid mellom Os sokn og Os kommune på fleire felt; ikkje minst knytt til ulike tiltak innan diakoni og omsorgsarbeid. Samarbeid omkring besøksteneste, TV-aksjon, sorgarbeid («kveldsope») og andre tiltak. Skule/kyrkje-samarbeid er nedfelt i eigen samarbeidsavtale, der skulane vitjar kyrkjene på 2 årstrinn (4. og 6. klasse). I tillegg vitjar vi alle klassene i 5. klasse og deler ut NT saman med ein læringsbolk omkring bruk av Bibel/NT.</p> <p>Dei fleste skulane deltek på skulegudstenester i adventtida eller til påske.</p> <p><b>Stiftinga Nøtteliten</b></p> <p>Nøtteliten barnehage vart etablert som stifting initiert av Os sokneråd og Søfteland indremisjon i 1999. Desse to initiativtakarane oppnemner kvar 2 styremedlemmer som leiar stiftinga i samarbeid med dagleg leiar. Barnehagen er den einaste barnehagen i Os med utvida kristen målsetjing. Barnehagen har 5 avdelingar og nær 100 born. Frå Os sokneråd er Anne Sundfjord og Gerhard Hansen styremedlemmer.</p> <p>Barnehagen har 22 årsverk og ei omsetjing på om lag 14 mill.</p> <p><b>OSØYRO ÅPEN BARNEHAGE 2016</b></p> <p>«Barnehagen er åpen hver onsdag fra kl 09-15. Målgruppen er barn</p>

	<p>0-6 år med foreldre / omsorgsperson. Det kommer barnefamilier fra store deler av Os kommune. Lokalene i Kyrkjetunet er godkjent for 29 barn. Silje Bolstad er pedagogisk leder og Jan Frode Sandvik er styrer.</p>
--	---